



ÅRSMØTE SYVDE IDRETTSLAG 2020

tysdag 23 mars. 2021 kl 19.30

Sakliste

1: Godkjenne dei som har stemmerett

2: Godkjenne innkalling og sakliste

3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka

4: Årsmeldingar

5: Rekneskap

6: Medlemskontingent

7: Organisasjonsplan

8: Val

Årsmelding Syvde Idrettslag 2020

Styret har vore samensett slik:

- Leiar/kontaktperson Karoline Lundås
- nestleiar Torgeir Nordal Eikrem
- kasserar Merete Vatne
- styremedlem Ole Jørgen Strand
- styremedlem Bjørn Erik Drage
- styremedlem Eivind Lars Øvregård

Varamedlemar:

- Per Magne Sjørdal
- Monika Skår

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemda har vorte leia av Torfinn Arnesen og Ove Myrvoll, vi har ikkje lyktes med å få med en tredje person her.

Styret har hatt 3 styremøte, samt eit møte mellom styret og leiar i Driftstyret på Øverberg. Det har våre noko redusert aktivitet grunna corona restriksjonar.

Idrettslaget har hatt 160 medlemmar. Medlemskontingent har vorte sendt ut via epost- sms til medlemmane frå idrettenonline.

Styret har behandla desse sakene:

- Gjennomføring av prosjekt gang og sykkelveg langs sætrevatnet, styret vedtok å lage rasteplasser langs vegen, lage ei ny bru over elva og kjøpe en rasteplassbenk. Siste fikk vi seinare sponsa av entreprenøren for prosjektet. Benken er levert, men skal flyttast og settast på ein av rasteplassane.
- Søknad om kompensasjon for tapte inntekter ved avlyste arrangement grunna corona, for avlyst Blåfjelden Rett Opp. Søknad gav 65 506,- i kompensasjon.
- Søknad om Teft Midler fra Sparebanken Møre. Fikk 60 000 til til sykkel/turveg. Brukt til rasteplasser og har ellers inngått for å finansiere prosjektet.
- Sykkel- Turveg langs Sætrevatnet vart ferdigstilt seint hausten 2020. Styret vil takke for dugnadsinnsats knytt til brubygging og andre oppgaver på veien. Styret har levert rapport av prosjektet til fylket, for å dokumentere faktiske kostander. Vi har og befart prosjektet

sammen med representant frå Vanylven kommune, for å få prosjektet godkjent. Prosessen er no over og dokumentasjon sendt til fylket. Resterande spelemidler er utbetalt etter gjeldene rettningslinjer.

- Det har våre merka diverse ruter både for fjelltrimmen og andre turmål i syvdsfjella, det er fortsatt behov for merking fleire stader og styret vil fortsette å delegere dette arbeidet i 2021. Vi har fått maling fra friluftsrådet ved John Willy Klungre.
- Det vart i 2020 vedtatt å endre dato for bokbyte og sesongstart for fjelltrimmen fra 1. Oktober til 1. September. Med bakgrunn i at det 1 okrober ofte har våre vanskelege forhold for å bytter bøker på dei høgste toppane.
- Vi held fram med registrering på Georeg i Fjelltrimmen.
- Styret har ønske om å legge til rette for skispor på ny-vegen rundt sætrevatnet, og har ønske om å kjøpe eller få laga en sporleggar for ATV. Det har i 2020 ikkje våre økonomi til å kjøpe en slik, men det vil bli jobba vidare med i 2021.
- Styret har også hatt oppe sak om opparbeiding av «aktivitetspark» sentrumsnært i Syvde. Det vil bli forsøkt å søke midlar for det i kommande år.
- Styret har fått innspell frå Driftstyrret på Øverberg om at det er behov for omfattande vedlikehold av løypetraseen. Eikrem maskin har gitt anbud på jobben og styret har søkt spelemidler for prosjektet.
- Det har også våre søkt fylket om midler på rundt 100 000,- til nærmiljø-tiltak for lokal aktivitet knytt mot vedlikehold av løypetraseen, her forelegg ikkje svar enda.
- Ettersom Vassdalsbu har vorte StikkUt ski post har skikretsen tilbydd å betale GPS for å ha i trakkemaskina og abonement på «løyper.net» for å dele status for løypekjøring. Styret vedtok å bruke løyper.net istaden for skisporet som vi har nytta til no. Abonnementet på skisporet er sagt opp etter denne sesongen og ny gps er montert i maskina.

BLÅFELDEN RETT OPP 2020



Blåfelden Rett Opp skulle arrangerast 6.juni, men pga smittefare og restriksjonar i samband med Coronaviruset vart Kosterikjedagane 2020 avlyst. Det var heller ikkje mogleg å arrangere Blåfelden Rett Opp på tradisjonell måte. Litt bittert å tenke på, for 6. juni var ein fin sommardag. På biletet sit Blåfeldgeneralen på Blåfelden løpsdagen og dagdrøymar om folkefesten som ikkje vart noko av.

- Blåfeldgeneral Atle Midtbø -

FJELLTRIMMEN 2020



Premiering av spreke fjellfolk 2020 fjelltrimmen i Syvde IL. Det vart ei enkelt samling i lavlandet da verken været eller corona tillet turer i høgda eller store folkemengder. Det vart fyrt bål i gapahuken ved Myklebust skule og enkel servering av gløgg.

Frode Myrvoll beholdt trona og tok sin tredje fjellbukk tittel. Med heile 2160 poeng og totalt 151 turar. Flest gonger har han våre på Høgenipa og Tryggesteinen.

Tone Drage Sørдал tar over trona som fjellgeit med 990 poeng og 76 turar. Flest turar til Tryggesteinen, Høgenipa og Bjørnen.

Spreke juniorer har vi også. Årets junior fjellgeiter er William Eikrem Nordmark, Sofie Ervik Røys, Magnus Vik Nordal og Anna Kristin Thue.

William imponerer da han ikkje engong er heimehørende i Vanylven, men tek alle postane når han er her på ferie.

Alle premieres med gavekort fra XXL.

Vi trekker også en heldig vinner av Coop hotellkupp til en verdi av 1800kr, sponset av Coop marked Syvde og Syvde IL. Blant de som har tatt alle postane iløpet av sesongen er årets heldige vinnar, Syvde IL patriot og Blåfelden general Atle Midtbø.

Vi gratulerer alle vinnarane og håper på god deltakelse også i neste sesong av fjelltrimmen. Fullstendig resultatliste vil bli lagt ut på Syvde IL si heimeside, syvdeil.no



William Eikrem Nordmark fra toppen av Blæja.

Styret vil takke for innsatsen til alle som har stilt opp i året som gikk. Takk til alle som sitter i styret og nemder, tusen takk til samarbeidspartar for sponsormidler, tusen takk til alle som brukar av fritida si på dugnad for å skape trivsel i bygda vår. Spesiell takk til driftstyret på Øverberg for upåklagelig innsats og flotte skispor! Vi ser fram til et nytt år med nye prosjekter i regi av Syvde Idrettslag.

For styret:

Karoline Lundås

Årsmelding Øverberg skisenter:



DRIFTSTYRET ØVERBERG SKISENTER.

Lite løypekjøring i 2020. Litt feilsøking, reparasjoner og vedlikehald på trakkemaskina. Kvisting og oppattstikking av trasseen samt pussing av nåkre grøfter. Det vart kjært spor til Øverberggrunda i mars og nåkre turar til Vassdalsbu, ellers en kort skisesong grunna lite snø.

Rolf Åge SørDAL, leiar driftstyret.

Årsmelding uteTREning med puls



Ute trening har vore en stabil gjeng som har møttes tysdagane ute ved Myklebust skule. I mars når all organisert trening vart avlyst, beslutta vi ei pause. Men vi fant etterkvart ut at om vi tok med eget utstyr så kunne vi halde fram å trene. Vi var i den perioden to til fel deltakarar. Etterkvart som restriksjonane har vorte letta på har det komt fleire til på treningane og vi har våre mellom tre til tolv stykker på trening. Alice har leda treninga fram til desember, då tok Trude Syversen Sætre over ut året. Vi har trena uansett værforhold, vi har det utruleg kjekt og det gjev en herlig følelse i kroppen etter ei god økt med uteTrening.



- Alice Arnesen Stranden, leiar for uteTREning

Årsmelding Sykkelgruppa 2020



Sjølvs om det meste av året 2020 vart eit «corona år» der vi skulle halde avstand til kvarandre og ha lite sosial kontakt, har det vore eit aktivt år i sykkelgruppa.

Sykkelritt og utenlandsturar vart det sjølvsagt ikkje noko av dette året. Det var fleire av syklistane som var påmeldt Birken og hadde bestilt Spaniatour før landet vart «stengt ned» 12. mars.

I messengergruppa er mange flinke til å legge ut planlagde turar og dette synest vi fungerer veldig bra. 27 personar er med i gruppa og målet må vere å få med enno fleire av desse på tur. Det vert lagt ut litt bilder frå turane, slik at andre får inspirasjon til å vere med neste gong. Onsdag kl 19 er fast sykkeltreningsdag i sommarsesongen i tillegg til helgeturar når veret er lageleg.

Målet er å legge opp turane slik at alle kan vere med, nokre kan sykle langt, andre litt kortare. Mest populære søndagsturane har vore rundt Hovda og til Kleiva panorama på Rovdestranda. Onsdagskveldane har Syvdsneset eller Fiskå vore fine turmål.

I slutten av mai og juni månad var det var det mykje fint og varmt ver, så då vart det mange turar både midt i veka og i helgane. Søndag 14.juni hadde vi ein tur i fint sommarver til Urke og Norangsdalen. Vi køyrde bil til Vatne i Åmdalen og sykla derifrå. Ferje frå Sæbø til Leknes, der utflytta syvding Kåre Myklebust tok imot oss. Vidare til Øye og opp Norangsdalen til Fivelstad der vi også møtte utflytta syvdingar utanfor ein stor ny kufjøs som Asle Fivelstad hadde sett opp der.



Vi trilla nedover Norangsdalen att i høg fart og ein stopp på kaihuset på Urke med cola og hamburger gjorde godt før motbakkane i Bondalen skulle trødast . Alle 11 var samde om at det hadde vore ein fin tur og at 78 km gjekk ganske lett, i alle fall i unnabakkane.

Vi får stadig meir sykkelerfaring av turane våre. Så i tillegg til mat og drikke etter behov, må også multiverktøy, slange og pumpe vere med, sjølv på korte turar. På lenger turar kan det også vere lurt å ha med kjede eller i alle fall kjedelås og ein liten ende av ei kjede. Ekstra jakke / vest er også lurt å ha i baklomma. Det har vi fått erfare fleire gongar.

Det vart åpnar for bestilling av Syvde sykkelklede frå leverandør sist sommar. Mange av oss venta lenge på kleda og etter å ha kontakta leverandør, fekk vi opplyst at kleda var sende frå fabrikk, men ingen visste kvar dei vart av. Då ingen av oss fekk levert kleda vi hadde bestilt og betalt for, fekk vi tilbakebetalt utlegga våre. Vi håpar dette fungerer betre ved neste bestilling.

Knut Brudevoll og Steinar Arne Nordal som er valde representantar i sykkelgruppa håpar på like god aktivitet i inneverande år og mange fine treningsturar i det flotte nærområdet vårt. Ein eller fleire langturar utanfor kommuna kan også vere eit mål for sesongen. Dersom det er stemning for det, kan ein også prøve på ein langtur med overnatting ei finevershelg.

Til slutt takkar vi for mange fine turane ilag og aktive syklistar som sjølve tek initiativ til aktivitet. Kjekt at fleire oppdagar at sykling er ein fin treningsform.



Steinar Nordal, leiar i sykkelgruppa

Årsmelding Herretrim- Ironman 2020



Vi starta med fyrste treninga i gymsalen 8. januar, med gode kondisjons og styrke øvelsar. Atle Midtbø har leia treningane gjennom året. Vi var mellom 6 til 8 mann kvar gong, og fekk 10 økter fram til Coronastenging i mars. Etter Coronastenging vart det ikkje organisert trening, men mange av oss slo seg ilag med sykkelgruppa til idrettslaget.

Vi starta opp att treningane i gymsalen 23. september og heldt det gåande fram til jul. Vi prøvde ut nokre nye øvelsar, Tabata, som er effektiv, kort og intensiv intervalltrening. Veldig kjekt å prøve noko nytt, spesielt når øvelsen er over. 😊 Det vart 13 treningskveldar på haustparten med god intensitet. Det er i stabil gruppe på 6-7 mann som møter.

I midten av desember var vi so spreke at vi tok ein haudelykttur til Seten. På denne turen invitert vi med oss bygdas penaste damer.

- Atle Midtbø -

SYVDE IDRETTSLAG 2021

STYRET			
Kontaktpers.	Karoline Lundås	90870942	karoline.lundaas@outlook.com
Kasserar	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Frode Myrvoll	90502384	
Styremedlem	Bjørn Erik Drage	48146988	bedragr@gmail.com
Styremedlem	Eivind Lars Øvregård	95144022	eivindlars@yahoo.no
Nestleder	Torgeir Eikrem	92206897	torgeirn_eikrem@hotmail.com
Vara 1	Monika Skår	45475538	bjorn.skaar@mimer.no
Vara 2	Per Magne Sørдал	95177536	pm.sordal@gmail.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
Kontaktpers.	Rolf Åge Sørдал	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Andre Sandnes	99223091	andre.sandnes@gmail.com
	Kåre Lade	91738730	ladekare@gmail.com
ØVERBERGRONDÅ			
Ansvarleg	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
BLÅFELDEN RETT OPP			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
VALNEMD			
Ansvarleg	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
	N.N		
	N.N		
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENING med puls			
Ansvarleg	Alice Arnesen Stranden	91743482	
	Tone Drage Sørдал	96043697	
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
MANDAGSTRENING			
Ansvarleg	Sigurd N.Eikrem	99555407	sigurdne@hotmail.no
SYKKEL			
Ansvarleg	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Knut Brudevoll	45202493	brudevollknut@gmail.com